

# Om strukturelle føringar på familiestorleiken

*Av Erling Berge*

## *Innleiing*

Barnetalet i familiane har vore fallande sidan slutten av førre hundreåret trass i at fertilitet gikk opp i tidbolken 1935–65 (Brunborg 1975, Dyrvik 1976). Med dagens fertilitetsnivå (svarande til ca. 1.7 barn pr kvinne) vil befolkninga i Norge minke med ca. 20% kvar generasjon.

Det låge fødselstalet vi har i dag er resultatet av ei lang historisk utvikling, og denne utviklinga er omlag den same i heile den industrialiserte delen av verda (Moen 1981). Svært mye arbeid har vore lagt ned i å dokumentere og diskutere årsakene til denne utviklinga (sjå bibliografiane til Freedman frå 1961 og 1975). Også i Norge har vi ein lang tradisjon med interesse for befolkningsutviklinga og korleis fødselstalet påverkar den. (Ein norsk befolkningsbibliografi er i produksjon i Statistisk Sentralbyrå, sjå også Eriksen og Haukeland 1980.)

Ser ein på mengda av forskning som er investert i fenomenet fertilitet, er det nesten påfallande kor lite allmenn aksept det er for dei forsøk som har vore gjort på å forklare det endringsmønsteret ein har dokumentert. Dette kan ein kanskje ta som teikn på at problemet er uvanleg innfløkt. Samtidig som fertiliteten er enkel å måle (samanlikna med mange andre viktige fenomen i samfunnet), er det svært mange sider ved samfunnet som verkar med til å fastlegge nivået. Kvar einskild variabel vil då kunne «forklare» berre ein liten del av endringane i fertiliteten. Men når ein skal tenke omkring mange forklaringsvariablar samstundes, må dei settast saman i eit teoretisk system om ein skal ha nokon sjanse til å halde frå kvarandre direkte og indirekte verknader, for ikkje å tale om samverknader og tilbakkoplingar mellom ulike nivå.


I denne artikkelen vil det bli gjort ein freistnad på å presentere ei ramme ein kan sette variablane inn i når ein skal tenke omkring årsakene til endringane i fertilitetsnivået i samfunnet vårt. Spekulasjonane er eit resultat av eit tiårs meir eller mindre iherdig fundering over data om norske fylke og kommunar i åra omkring 1970 (Berge 1974 og 1981). Dei teoretiske

resonnementa er bevisst konstruert ut frå eit ønskje om å finne ei forklaring på dei samvariasjonane mellom fertilitetsnivå og andre karakteristika ved kommunane ein har observert.

Plassen her gjer det umogeleg å gå særleg inn på datamaterialet. Men for å vise kva som har vore utgangspunktet for det som kjem etter, vil vi ta med ein smakebit. Data er samla inn for kommunar, men analysane er gjennomført etter at kommunane er gruppert saman til 102 område. Data er frå åra 1968–71 og representerer berre eit øyeblikksbilete av samanhengen mellom samfunn og fertilitet. Sluttresultata av analysane blir presentert i diagram som det i figur 1. Diagrammet er forma som eit sti-diagram, men er det ikkje.

Variablane i diagrammet er av ein type der det er umogeleg å tenke seg direkte årsakssamband mellom det som i likningssystemet er sett opp som avhengig variabel og det som er sett opp som uavhengig variabel. Ein av variablane er ein vanleg prosentvariabel (prosent gifte kvinner i aldersgruppa 20–21 år). Dei andre seks er indeksar konstruert med tanke på å måle vesentlege strukturelle eigenskapar ved kvart område. Over tid vil ein heilt opplagt ha gjensidig påverknad mellom forklaringsvariablar og fertilitetsnivå, og også forklaringsvariablane imellom vil det måtte finnast påverknader.

Figur 1: Diagram over strukturelle effektar som er med og fastlegg fertilitetsnivået.



Den «eigentlege» modellen er altså det Petersen (1982) kallar interdependent. Det vi i denne samanhengen er interessert i å finne, er strukturen i samvariasjonsmønsteret og ein rangorden av dei strukturelle effektane som er med å fastlegge fertiliteten i samfunnet. Dette kan vi gjere ved å estimere dei standardiserte regresjonskoeffisientane i eit likningssystem der fertilitetsvariablane blir sett inn som avhengige variablar. Dei estimerede koeffisientane (struktureffekt-koeffisientane) er altså eit uttrykk for den relative styrken til eit segment av den sosiale strukturen, og dei seier ingenting direkte om korleis fertiliteten vil endre seg når vi får ei endring i den sosiale strukturen. Det biletet vi får ut frå diagrammet, gjer ein då rettast i å sjå på som eit øyeblikksbilette av dei strukturelle kreftene slik desse fastlegg fertilitetsnivået i åra omkring 1970. Struktureffekt-koeffisientane må ein tenke seg periodeavhengige.

Det tyder at om ein estimerer det same likningssystemet på data for 1978–81 vil ein måtte rekne med at koeffisientane vil ha endra seg, og om dei teoretiske overlegningane eg skal presentere har noko for seg, bør dei kunne gi grunnlag for å seie noko om korleis desse endringane vil vere. Det spørsmålet skal vi likevel legge til sides i denne samanhengen.

Utan å gå meir inn på konstruksjonen og tolkninga av indeksane, kan vi for det følgande merke oss:

- a) To av variablane, prosent gifte kvinner 20–21 år og familismeindeksen (styrken av familieinstitusjonen) har positiv samanheng med fertiliteten. Dei andre har negativ samanheng.
- b) Styrken av industrisyssettinga i området har ein direkte negativ effekt på fertiliteten, men indirekte, gjennom prosent gifte kvinner 20–21 år, har den ein positiv effekt.
- c) Styrken i den kvinnelege syssettinga har ingen direkte effekt på fertiliteten, men gjennom ekteskapsmønsteret har den ein negativ effekt.

Slike observasjonar er det altså som har gitt utgangspunkt for ein freistnad på å stille opp ei ramme for å tenke omkring kva det er som fastlegg fertiliteten. I freistnaden på å forstå korleis strukturelle eigenskapar kan påverke fertilitetsnivået, var det nødvendig å ta utgangspunkt i kvinna og mannen som omset sine oppfatningar av samfunnet i handlingar med konsekvensar i form av fødsjar eller ikkje fødsjar. Eigenskapar ved kommunar som t.d. sosial struktur eller kulturelle særdrag, er ein del av den situa-

sjonen dei ulike individa står i og som dei må ta omsyn til når dei avgjer for seg sjølve om dei vil ha eller ikkje ha barn. Men korleis kan vi byrje tenkinga omkring dette problemet? Kva er det for påtrykk som får kvinner og menn til å ta i bruk prevensjon? Og kva er det for ønske som ligg bak når ein fjernar prevensjonen for å få barn? Korleis kan ein vege mot kvarandre situasjonane barn eller ikkje barn?

For å skjøne dette synest tilkomsten av det første barnet å vere heilt sentral. No veit vi imidlertid at dei fleste kvinner får det første barnet (Noack og Østby 1981, tabell 5.2). Dersom vordande foreldre i det heile veg mot kvarandre situasjonane barn eller ikkje barn, vel altså dei fleste det første barnet. No er det vel grunn til å tvile på om det ligg mye for og mot argumentasjon bak avgjerdene om det første barnet. Men sjølv om folk ikkje oppfører seg som homo economicus (Kristiansen 1982), er det likevel ikkje grunn til å frakjenne dei all rasjonalitet. Dei fleste veit svært godt kva som tener dei best i ulike situasjonar. Problemet er at situasjonane endrar seg og ofte ganske uoversiktleg. Og når det gjeld det første barnet, skal vi ikkje sjå bort fra det kulturelle presset som finst i retning av å få barn. Men tilkomsten av det første barnet er også ei hending som endrar situasjonen for foreldra, og har dei ikkje tenkt igjennom kva dei gjer føreåt, får dei godt høve til å tenke igjennom det etterpå. Som ellers i livet lærer ein best ved eigne erfaringer. Og denne lærdommen kan ein nytte ved avgjerda om barn nummer to.

Spørsmåla vi må stille oss er altså korleis det første barnet påverkar situasjonen for foreldra. Kva for nye skrankar betyr barnet? Kva for nye gleder betyr barnet?

### *Ein aktørmodell*

Om vi no skjematisk seier at menneska er motivert for handlingane sine av ønsket om å skaffe seg ulike gleder, kan vi grovt seie det finst to typer gleder:

- 1) gleder knytt til materielle goder, og
- 2) gleder knytt til opplevingar

La oss vidare gå ut frå at menneska gjerne vil ha fleire gleder enn færre; dvs. at dei maksimerer talet på gleder eller mengda av gleder etter beste evne.

Korleis vil så tilkomsten av det første barnet påverke mulighetene til å skaffe seg gleder av den eine eller den andre typen?

Mulighetene for å skaffe seg materielle goder kan vi summere opp i mulighetene for å skaffe seg inntekt. Meir eller mindre gleder av materielle goder vil i praksis svare til meir eller mindre inntekt. Opplevingane, karakteren av dei gledene ein har av dei, er i stor mon knytt til kva for menneske ein er saman med. Viktige grupper i denne samanhengen er:

familie og slekt,  
skulekamerater,  
arbeidskameratar og  
naboar.

Når det første barnet kjem, vil mulighetene endre seg både til å skaffe seg inntekter og å vere saman med andre menneske. Og det er ein viss systematik i den omforminga av situasjonen for foreldra som det første barnet fører med seg.

1) Inntekta vil gå ned.

Enten må ein av foreldra ta seg av barnet, eller så må dei leige hjelp til å passe barnet.

Ytterlegare vil ein del ressursar gå med til mat, klær og nødvendig anna utstyr.

Inntektstapet fra å slutte i arbeid, eller fra leige av barnetilsyn er den mest opplagte kostnaden som tilkomsten av det første barnet fører til.

2) Ein litt mindre opplagt kostnad ligg i at ein må nytte tidlegare fritid til å stelle barn. Tid ein tidlegare kunne bruke saman med ulike grupper vener, må no nyttast på barnet.

Eit barn har konsekvenser for mulighetene til å vere saman med viktige venskapsgrupper. Men konsekvensane for dei ulike venskapsgruppene er svært varierende.

Skulekameratar vil ein fort misse kontakten med. Familie og slekt derimot vil ein sjå meir til. For dei som sluttar i arbeid, vil arbeidskameratane fort bli borte. Men endatil for dei som held fram i arbeid, vil det vere problem i lengda sidan dei vil ha vanskeleg for å ta del i opplevingar saman med arbeidskameratar etter arbeidstid. Nabokontakten vil også bli påverka. Men her vil verknaden vere avhengig av kor mange det er i nabolaget som har barn i same aldersgruppe.

3) Også imellom ektefellane endrar tilhøva seg. Barnet transformerer dei frå å vere mann og kvinne til å vere foreldre. Som foreldre har dei felles

alle opplevingane knytt til barnets vekst og utvikling. Dei gledene som er knytt til desse opplevingane, må vegast mot tapte inntekter og endringane i tilgangen på andre opplevingar.

I tillegg til dei direkte opplevingane foreldra får frå barnet, er desse opplevingane også råmateriale for meningsfulle opplevingar først og fremst saman med familie og slekt, men også saman med naboar, arbeidskameratar og skulekameratar i den grad dei har barn og er tiljengelege for samvær.

Hvis det no er slik at folk maksimerer gledene sine, bør vi finne at:

- 1) til større inntektstap, til *mindre* sannsynleg er det første barnet
- 2) til vanskelegare det er å skaffe barnetilsyn, til *mindre* sannsynleg er det første barnet
- 3) til viktigare samværet med skule- og arbeidskameratar er, til *mindre* sannsynleg er det første barnet
- 4) til viktigare samveret med familie og slekt er, til *meir* sannsynleg er det første barnet
- 5) til fleire naboar det er som har barn, til *meir* sannsynleg er det første barnet.

Resonnementet her gjeld for individ. I seg sjølv er det svært enkelt og mange vil kanskje seie for enkelt i høve til den røyndomen det skal representere. Men sjølv med eit så enkelt utgangspunkt skal vi sjå at komplikasjonane blir store når vi skal vurdere korleis dei samfunnsmessige resultata vil sjå ut og korleis dei vil verke attende på den situasjonen foreldre står i og må ta utgangspunkt i, når dei skal vurdere om eit barn er ønskjeleg eller ikkje.

I drøftinga av dei strukturelle implikasjonane som resonnementet ovanfor fører med seg, skal vi ta utgangspunkt i dei fem påstandane. Dei første to går på verknaden av inntekter og kostnader.

### *Inntekt og materielle kostnader*

I økonomisk teori antar ein gjerne at talet på barn vil auke når inntekta går opp, og det vil gå ned etter som kostnadene ved det veks (sjå t.d. Coale (ed.) 1976). Aktørmodellen ovanfor er altså fullt ut i samsvar med økonomiske teoriar om fertilitet. Freistnader på å sjå på aggregatkonsekvensar og tilbakeføringar i eit meir samla perspektiv har eg imidlertid ikkje funne i økonomisk teori.

Det er eit faktum at til «rikare» eit distrikt er, til lavare blir det gjennomsnittlege barnetalet til kvinnene i distriktet (Berge 1974, 1981). Korleis kan ein skjønne ein slik samanheng ut fra den positive samanhengen for familien som ligg i aktørmodellen? Vi må da gå inn i dei prosessane som skaper høg inntekt og reduserer kostnadene.

Dette peikar først og fremst i retning av eit spørsmål om arbeidstid og kostnader ved barnepass. Men det eine er ikkje uavhengig av det andre, og den relative andelen familiar som vel den eine eller den andre tilpasninga vil påverke valmulighetene for resten. Når svært mange kvinner tar lønna arbeid, er det relativt færre kvinner tilbake som er villige til å tilby rimeleg barnepass. Prisen på barnepass vil bli pressa opp mot arbeidslønna. Ein av dei faktorane som sterkast påverkar inntektene, er den samla lengda av arbeidstida. Den viktigaste forklaringa på skilnader i familieinntekt blir dermed om familien har ein eller to inntektstakarar. Dersom eit område har høg gjennomsnittleg familieinntekt, er det rimeleg å tru at mange familiar har to inntekter. Det kan dei ha t.d. om mange ventar med den første fødselen (slik at dei til slutt endar opp uten barn) eller ved å leige nokon til å passe barnet. Dei raskt aukande kostnadane ved å leige barnepass peikar mot at barnetalet i rike distrikt vil vere lågt.

Kva så med dei relativt mindre rike distrikta? Er det der dei bur dei som er meir glade i barn enn i inntekter?

Det er tvilsomt om verda tillet den typen val. I eit samfunn der det er konkurranse om knappe goder slik som t.d. boliger og posisjonar med høg inntekt og høg sosial status, følgjer det naturndvendig at nokon *skal* tape i konkurransen. Dette gjeld enda om dei tapande helst ville latt vere å konkurrere. Dei blir tvunga inn i konkurransen, kjem ut som taparar og har følgeleg enda mindre ressursar å løyse problema sine med enn vinnarane. Konkurransesamfunnet lar oss altså ikkje utan vidare velje mellom å nytte tida vår til å tene pengar eller til å fostre opp barn. Visse kulturelt definerte minimumsstandardar for livet må først vere stetta. Dette gjeld t.d. for boligen. Krava til minimumsstandard er relativt klare. No er boliger eit knapt gode. Konkurransen om knappe goder har sin eigen logikk med klare konsekvensar for einskiildfamiliens høve til å velje mellom varer eller arbeid. Litt om korleis denne logikken verkar kan vi sjå i overgangen frå ein-inntektsfamilien til to-inntektsfamilien. Aller tydelegast ser vi det i storbyen.

I storbyen er eit godt lokalisert husvære av statusgjevande type eit svært knapt gode. Med to inntekter har ein familie mye lettare for å overby dei familiare som har berre ei inntekt. Etter kvart som det blir fleire to-inntektsfamiliar, blir det konkurranse mellom desse; og sidan tilbodet av

husvære av etterspurd type ikkje aukar, vil prisen gå opp så køen ordnar seg. Dei som taper i konkurransen om dei beste husværa, vil da sjå på dei nest beste, og prisen går opp. Etter kvart har prisnivået på husvære auka slik at ein er nødt til å ha to inntekter for å få ei vanlig leilighet som ein-inntektsfamilien ein generasjon før ikkje hadde det minste problem med å få. Overgangen til to-inntektsfamilien er ei envegskøyring som har gjort det vanskeleg å få del i dei gleder barn gir.

No skal vi likevel ikkje ut frå dette konkludere noko om at det er suksessen på boligmarkedet til dei første to-inntektsfamiliene som har motivert kvinnene i valsituasjonen mellom arbeid eller ikkje arbeid. Også den valsituasjonen er kompleks med klare linjer mellom den einskildes valmuligheter og den dominerande strategien dei andre i nærmiljøet har valt.

### *Arbeid og næring*

Arbeidet og organiseringa av det er sjølsagt avgjerande både for inntekta og typen av kostnader av barnepass. Arbeidet og organiseringa av det vil også påverke mulighetene for å skaffe seg gleder frå opplevingar.

Her skal vi spesielt komme inn på korleis valet mellom barn/ikkje barn og arbeid/ikkje arbeid kan vere påverka av mulighetene for å skaffe seg gleder av opplevingar (påstand 3 ovanfor). Område med god tilgang på kvinnelege arbeidsplasser er oftast urbane. Her tenderer bruttoflyttingane til å vere store. Venskapsgrupper frå skule kan bli vanskeleg å halde ved like, det kan bli lange avstandar mellom slektningar, og nabolag er ofte nyetablerte og/eller har stor gjennomtrekk. For å vere sikra nokolunde regelmessig tilgang på gleder frå opplevingar bør kvinnene velje å ha arbeid uansett om dei har tenkt å få barn eller ikkje.

Område med få eller ingen arbeidsplassar for kvinner er oftast rurale område. Her synest situasjonen å vere omvendt. Kvinnene gifter seg tidleg, eller tar ein av dei få arbeidsplassane som finst eller flytter til eit mer urbant område med ledige arbeidsplassar. For kvinnene som blir igjen, er venskapsgruppene stabile og overlappende. Skulekameratane og slektningane er ofte også naboar. Og for dei som er i arbeid, er arbeidskameratane ofte både naboar og skulekameratar. Eit slikt «tett» venskapsnettverk vil neppe bli svekka av eit barn. Faktisk er det grunn til å tru at det vil bli styrkt, sidan mesteparten av kvinnene der har eller ventar å få barn. I dette samfunnet bør kvinna velje å få det første barnet uansett om ho ikkje har arbeid, må slutte i arbeid eller vil fortsette i arbeidet sitt.

Dei to samfunnstypene ovanfor ligg tydeleg nok langs ein by-land-



dimensjon. I begge samfunnstypene vil kostnaden ved å slutte i arbeid for å stelle barnet vere større enn å leige nokon til å gjere det. I bysamfunnet betyr dette at beslutninga om å få det første barnet vil vere avhengig av mulighetene for å ordne barnepass. Å ha arbeid er «nødvendig».

I rurale samfunn vil mulighetene for barnepass avgjere om ein sluttar i arbeid eller ikkje. Å ha barn er «nødvendig».

I reindyrka form er det urbane samfunnet vi har omtala, eit samfunn der betalt arbeid har blitt ein eksistensiell nødvendighet for å halde på sjølrespekt og personleg integritet. I det rurale samfunnet er det det å vere gift og ha barn som er nødvendig. Verkelege samfunn er sjølvsagt ei blandingsform. Kva for sekvensar av val eit gitt småsamfunn vil oppmuntra, vil vere avhengig av korleis arbeidslivet er organisert relativt til kjønnskategoriar og grad av differensiering av aktiviteter i tid og rom. Ut frå dette kan ein vel seie at organiseringa av jordbruk og industri i en viss forstand har oppmuntra kvinner til å velje familie og barn i rurale strøk og mindre tettstader – til dømes ved å sysselsette berre menn, medan ein i større bystrøk og raskt veksande sentra finn at industri og service oppmuntrar kvinner til å velje arbeidslivet.

I raskt veksande økonomiar vil t.d. mangelen på arbeidskraft lokke kvinner ut i arbeidslivet. Og som vi var inne på ovanfor, er det da mekanismer som gjer det nødvendig for dei å forbli i arbeidslivet, i alle fall i større sentra. Det vi ser er at ulike sosiale strukturar gjer at det utviklar seg prioriteringar som impliserer bestemte sekvensar av prosjekt. Val av tilpasning til problem i tidlege prosjekt bestemmer mulighetene og vektar valet av alternativ i seinare situasjonar.

I høve til det første barnet er det den sosiale betydninga av deltaking i arbeidslivet som avgjer kva tilpasning som vil vere den mest fornuftige. Men denne tilpasninga vil sjølvsagt vere modifisert av dei overlegningane som følgjer av at arbeid også gir inntekter og barn fører med seg kostnader. Enno ein omgang med modifikasjonar i vurderinga av det første barnet er turvande når vi kjem inn på kva barnet har å seie for foreldra sosialt og kulturelt (påstandane 4 og 5 ovanfor).

### *Familie*

Gledene av dei opplevingane foreldra har av barnet og frå dei reprosesse-ringane av desse opplevingane som ein har høve til saman med slekt og vener, er det einaste «positive» bidrag til familien fra den nye situasjonen.

Desse gledene skal balanserast ikkje berre mot tap av inntekter (diskon-

tert mot mulige fordelar ein måtte ha på sine gamle dagar), men også mot tapet av dei opplevingane ein kunne ha hatt, eller som ein trur ein kunne ha hatt om ein kunne nytte tida si annleis. Dei gledene ein kunne ha hatt ved ein alternativ bruk av tida, er sjølvstøtt avhengig av typen og variasjonsrikdommen i ulike aktivitetar ein kan ta del i saman med ulike venegrupper. Siden variasjonsrikdommen i mulige aktivitetar veks omlag i takt med urbaniseringsgraden, vil kostnaden fra det første barnet i form av tap av alternativ tidsbruk rimeligvis auke med aukande urbaniseringsgrad. Det optimale valet av barn eller ikkje barn vil vere betinga av den sosiale strukturen i nærmiljøet til personen som foretar valet. Dei viktigaste karakteristika ved nærmiljøet vil vere tilgang på arbeid for kvinnene, stabiliteten i venskapsgrupper ein kan ha opplevingar saman med og variasjonsrikdommen i tilbudet av fritidsaktivitetar.

Ein viktig faktor i dette biletet er samspelet mellom venskapsgruppene og massemedia. Den livsstil ein får innprenta gjennom reklame og underhaldning har i liten grad plass for barn og familieliv. Overlatt til seg sjølv og massemedia vil ein familie i lengda ha problem med å sjå mye mon i opplevingane dei har av og saman med barna. Tapet av alternativ tidsbruk vil kjennest tilsvarande stort.

Motvekta mot dette finn vi i represseringa saman med slekt og vener av opplevingane ein har av barna. Når familielivets daglegdagse hendingar blir tematisert i samvær med familie eller vener i same situasjon, blir det også generert ein meningskontekst som verkar imot det biletet massemedia gir av kvardagen. Derfor er det så viktig for den einskilde kva for tilpasning dei andre familiane i nærmiljøet vel i høve til barn/ikkje barn. Og derfor er slekt så viktig for barnefamiljar.

Om ein t.d. bur i eit område der ein ser mange barn, er det optimalt å velje barn sjølv for å få mest mulig glede ut av meir eller mindre tilfeldige møte med naboar. Men til færre foreldre som er heime og steller barn, til færre gleder vil ein sjølv ha av å vere heime og passe barn. Den komparative fordelan av familielivet i høve til annan tidsbruk, vil vere mindre. Om ein bor i same område som foreldre, svigerforeldre eller anna nær slekt, vil ein ha meir glede av barn enn om ein bor langt borte fra slekta. Generelt betyr dette at ein bør velje den type opplevingar som typisk blir valt av dei menneska ein er saman med til dagleg. Dersom ein gjer dette, er sjansen størst for at ein har noko å snakke saman om i tilfeldige møte.

Rimelegvis er ikkje den sjølvstøtt effekten av slike overlegningar stor i høve til effekten av dei andre føringane på familiestorleiken vi har diskutert. Men ser vi på problemet samla, er det tendensar til hoping av effektar langs det ein kan kalle ein urban-rural dimensjon. Slik vi har nytta

begrepa urban/rural, har det vore tenkt på idealtypiske sosiale strukturar meir enn på ein faktisk observerbar by-land dimensjon. Det er da viktig å merke seg at utviklinga i næringsliv og bosetting frå slutten av 1960-åra i aukande grad kan omtalast som ei urbanisering av landsbygda (Gjestland & Salomon 1975, Vaa 1978). Det er altså fleire og fleire familiar utover landet som opplever dei same skrankane på barnetalet som det vi har hevda gjeld i urbane samfunn. Dei skrankane vi har diskutert så langt, har vore identifisert ved å samanlikne situasjonen for ein familie med og utan barn.

### *Barn etter det første*

Etter det første barnet er eit faktum, erfarer alle effekten av overgangen og erfaringane kan lett og utan større hjernegymnastikk overførast til det andre barnet. Barn nummer to endrar ikkje situasjonen for familien fundamentalt slik det første gjer det. Stort sett vil det vere snakk om fordelar og ulemper ved stordrift. Men igjen ser vi at situasjonen er svært ulik i urbane og rurale samfunn. Når kvinna er i arbeid, vil utgifter til barne-pass vekse proporsjonalt med talet på barn og dei administrative problema eksponensielt. Uansett kor god barnehagedekning ein har, vil ein stor del av familiane vere nøgd med det eine barnet og nesten alle med to barn. Dersom arbeid ikkje er sosialt «nødvendig» og kvinna kan tillate seg å vere heime og passe eigne barn, er ikkje kostnadsauken ved flere barn like stor og kan kanskje vegast opp av auka barnetrygd og fleire opplevingar. To barn vil kanskje vere eit minimum for familiane i denne situasjonen.

Når vi så ser at fleire og fleire samfunn rundt om i landet går i retning av ein urban samfunnsstruktur, ser vi og at det skal meir til enn tilbod om barnehageplassar for å overtale familiane til å få det andre og tredje barnet som skal til for å reprodusere foreldregenerasjonen.

### *Avslutning*

Dei vurderingane den einskilde familien gjer av livsvilkåra sine i høve til spørsmålet barn/ikkje barn eller eit barn til, er slik det er framstilt her djupt forankra i samfunnets organisering og kultur. Dette kom fram trass i at ein tok utgangspunkt i ein svært enkel motivasjonsmodell. Folk maksimerer mengda av gleder av to typer: materielle goder og gleder frå samvær med andre menneske. Avgjerder teke av den einskilde kvinne og mann samlar

seg opp både over livsløpet til kvart individ og totalt i samfunnet slik at mengda av avgjerder i fortida legg føringar på valmuligheten den ein skilde møter i framtida. Dette gir, slik forskninga omkring fertilitet har vist, eit uvanleg innfløkt bilete av kva som påverkar fertiliteten i eit samfunn.

Men ut frå den diskusjonen vi no har vore igjennom, kan ein og seie det heilt enkelt slik at i dei samfunn der fellesskap, samhald og solidaritet er sterke, vil fertiliteten vere høg. I dei samfunn der konkurranse om knappe gode som inntekt, status eller strategisk lokalisering er det viktigaste, vil fertiliteten vere lav.

Ser vi så på samfunnet som ein arena der det både foregår konkurranse om knappe goder og aktiviteter som bygg opp samhald og fellesskap, og der konkurransen gjerne riv ned samhald og fellesskap medan samhald og fellesskap gjer konkurransen mindre viktig, kan ein sjå fertilitetsnedgangen i vårt samfunn som eit uttrykk for at konkurransen om knappe goder har blitt viktigare for fleire menneske. Det betyr samtidig at det blir gjort mindre som kan bygge opp fellesskap og samhald. Resultatet er eit meir materialistisk samfunn med mindre solidaritet enn før.

### Litteratur

- Berge, Erling. 1974. «Regionale variasjonar i fertiliteten i Norge omkring 1970». Oslo, Statistisk Sentralbyrå, ANO IO 74/40.
- Berge, Erling. 1981. «The Social Ecology of Human Fertility of Norway 1970». Ann Arbor, University Microfilms Int.
- Brunborg, Helge. 1975. «Fruktbarheten til fødselskohorter av norske kvinner etter 1925». Oslo, Statistisk Sentralbyrå, ANO IO 15/27.
- Coale, Ansley J. (ed.) 1976. «Economic Factors in Population Growth». London, Macmillan.
- Dyrvik, Ståle, 1976. «Ekteskap og barnetal – ei gransking av fertilitetsutviklinga i Norge 1920–70». Statistisk Sentralbyrå, artikler nr. 89.
- Eriksen, John og Jan Vidar Haukeland. 1980. «Bibliografi over norske familiesosiologiske arbeider 1969–1979». Oslo, Institutt for anvendt sosialvitenskapelig forskning, INAS-rapport 80:3.
- Freedman, Ronald. 1961. «Sociology of Human Fertility». *Current Sociology*, vol. X/XI, 2, pp. 35–121.
- Freedman, Ronald. 1975. «The Sociology of Human Fertility. An Annotated Bibliography» New York, Wiley.
- Gjestland, Dag og Robert Salomon. 1975. «Norge i regionalt perspektiv» i

- Natalie Rogoff Ramsøy og Mariken Vaa (red.) 1975: «*Det norske samfunn*». Oslo, Gyldendal.
- Kristiansen, Jan Erik. 1982. «Homo economicus og fertilitet: En steril modell». *Sosialøkonomen*, nr. 7, s. 15–22.
- Moen, Bjørg. 1981. «Fruktbarhetsutvikling og fruktbarhetsteorier». Oslo, Statistisk Sentralbyrå. SØS 47.
- Noack, Turid og Lars Østby. 1982. «Fruktbarhet blant norske kvinner». Oslo, Statistisk Sentralbyrå. SØS 49.
- NOS 1981 (B 197). «Fruktbarhetsundersøkelsen 1977». Oslo, Statistisk Sentralbyrå.
- Petersen, Trond. 1982. «Årsaksmodeller i samfunnsvitenskapene». Oslo, Inst. for anvendt sos. vitsk. forskning, INAS-notat 82–5.
- Vaa, Mariken. 1977. «Selvforsterkende sosiale prosesser ved vekst og nedbygging i befolkningkonsentrasjoner og distrikter». *Sosiologi i dag*, nr. 3, s. 54–64.
-